



Olav Brakestad  
Vassbygdvegen 1086  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4917 - 21/79144

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
23.11.2021

## Landbrukssak GBNR 53/4 Grimstad - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

**Administrativt vedtak: Saknr: 1259/21**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Olav Brakestad løyve til bygging av omsøkt veg på 53/4 Grimstad.**

### **Vilkår**

- Før arbeida med vegen startar må ein søka om og få godkjent avkøyrsløse.
- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarlar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 30.11.2024

**Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.**

### **Saka gjeld**

Olav Brakestad søkar om bygging av ca 400meter landbruksveg i vegklasse 4, landbruksvegforskrifta. Vegen skal gje tilkomst til skog og utmark.

### **VURDERING:**

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilhelssløysningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen skal i denne saka gje tilkomst og rasjonell hogst av skog på eigedomen og noko utmark og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Sjå vedlegg med svar på Vestland fylkeskommune. Dei hadde ingen merknadar.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfaldlova

Forvaltningslova

Kulturminnelova

Offentlegheitslova

### **Privatrettslege tilhøve**

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4917

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Olav Brakestad

Vassbygdvegen 1086      5956      HUNDVIN